



Bjørnafjorden kommune søker ein strategisk og samlande kommunalsjef !

Vel avdelinga nedanfor for å starta appen:

Kommunalsjef - Samfunnsutvikling

Bjørnafjorden kommune søker ein strategisk og samlande leiar som vil vere med å forme framtida i ein kommune med stort fagleg spenn og høge ambisjonar.

Om stillinga

Som kommunalsjef for samfunnsutvikling får du ansvar for ei brei og viktig sektor som omfattar plan og byggesak, eigedom og drift, samferdsel og VA, brann og redning, kultur, prosjekt og innbyggjarservice. Området samfunnsutvikling har pr idag ca 180 tilsette som utgjer omlag 130 årsverk. Samla netto budsjett for 2025 er ca 81 mill.

Du vil inngå i kommunedirektøren si leiargruppe og ha ei sentral rolle i å sikre heilskapleg utvikling og god samhandling på tvers av fagområde og nivå.

Arbeidsoppgåver

- Strategisk leing og systematisk utvikling, effektivisering og forbetring av organisasjonen og tenestene
- Vere tett på sektoren og styre og leie med tydeleg retning og samordning
- Overordna ansvar for prosjekt-, prosess- og planarbeid
- Representera kommunedirektøren i plan, bygg og miljøutvalet
- Sørge for at saker som vert lagt fram for politiske organ er forsvarleg utgreidd, og iverksetje vedtak

Kvalifikasjonar

- Relevant høgare utdanning
- Leiarerfaring frå offentleg sektor eller komplekse organisasjonar
- God forståing for samspel mellom politikk og administrasjon
- Erfaring med økonomistyring, planarbeid og prosjektleing

Utanlandsk utdanning må vere godkjend av Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse (HK-dir): <https://hkdir.no/utdanning-fra-utlandet>

Personlege eigenskapar

- Lyttande, tydeleg og samlande
- Strategisk og realistisk – men nær kvardagen
- Relasjonsbyggjar med god rolleforståing
- Beslutningsdyktig og trygg i møte med utfordringar
- God kommunikator med evne til å skape tillit og engasjement
- Stor arbeidskapasitet og teknisk forståing

Vi tilbyr

- Ei sentral rolle i utviklinga av Bjørnafjorden kommune
- Eit engasjert fagmiljø med høg kompetanse
- Gode moglegheiter for påverknad og utvikling
- God pensjonsordning, yrkesskade- og gruppelivsforsikring
- Konkurransedyktige vilkår

Bjørnafjorden kommune er ein arbeidsplass som verdset likestilling og mangfald, der alle tilsette forpliktar seg til prinsippet om likeverd og bidreg til å skapa eit inkluderande arbeidsmiljø. Vi ønskjer eit mangfald av søkjarar og oppmodar alle kvalifiserte kandidatar til å søkje, uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne, seksuell orientering, etnisk bakgrunn eller livssyn.

Etter utløpt søknadsfrist, vil det bli generert ei offentleg søkjarliste med namn, alder, stilling eller yrkestittel og bustads- eller arbeidskommune for kvar søkjar. Det kan gjerast unntak frå innsyn for opplysningar om ein søkjar dersom vedkomande sjølv ber om det. Opplysningar om ein søkjar kan bli offentlege sjølv om ein har kryssa av for å bli unnateke. Dersom anmodningen ikkje vert tatt til følge vil søkjaren bli varsla om det.

Vi vil aldri be søkjar om å oppgi BANK-ID informasjon i søknadsprosessen.

Referansenummer:

25/22860

Fylke:

Vestland

Søknadsfrist:

23.09.2025

Tiltreding:

Etter avtale

Arbeidsstad:

Rådhuset

